



MusicaNord

Dato: 29.09.2014
Vår ref.: 2014/15561-111
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Kulturelt utviklingsprogram 2014 - Underretting om tildeling - Hordaland Kunstmusikk

Vi viser til dykkar søknad om prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune, Kulturelt utviklingsprogram, dagsett 22.04.2014.

Det er ei glede å melda at Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet i møte 16. september 2014, sak 118/14 har vedteke å tildele dykk **kr 700.000,- i tilskot for perioden 2014 til og med 2016.**

Vi ber om at de signerer og returnerer vedlagte standardvilkår innan 4 veker som ei stadfesting på at de har akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt i samsvar med desse. Vi ber også om at de informerer om eventuelle vesentlege endringar frå den opphavlege søknaden.

GRUNNGJEVING

Det låg føre 35 søknader med samla søknadssum på 24 692 528 kroner, medan Kultur- og ressursutvalet hadde 6 millionar kroner til fordeling.

Til grunn for handsaminga låg utgreiing av prosjektet i søknaden. Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinjer og prioriterte programområde for Kulturelt utviklingsprogram. Kultur- og ressursutvalet fant at vilkåra for ordninga var oppfylte og at det var grunnlag for å prioritera dykkar søknad. Vedtaket er i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling.

For meir informasjon bruk linken: [Fullstendig sak og liste over alle som søkte støtte](#), eller møteinformasjon: [politiske saker \(e-innsyn\) til Kultur- og ressursutvalet](#) i Hordaland fylkeskommune. Alle omsøkte prosjekt er omtalte og kommentert i følgjande [vedlegg](#)

UTBETALING

Om ikkje anna vert avtalt vert midlane utbetalt jamt fordelt pr. år i prosjektperioden. Siste 10% av totalsum vert utbetalt når det ligg føre rekneskap og sluttrapport. Første utbetaling finn stad snarast råd etter at vi har motteke dykkar stadfesting. Tilsegnsinntakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt tilskot er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

PROSJEKTGRUNNLAG - KOSTNADER/FINANSIERINGSPLAN

Til grunn for vedtaket ligg utgreiing av innhald og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden med vedlegg. Dersom tildelt sum er lågare enn omsøkt sum, må oppdatert finansieringsplan leverast til godkjenning.

VILKÅR FOR TILSKOTET

- a. Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert i samsvar med godkjend finansieringsplan. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan normalt dekkja inntil 50 % av godkjende prosjektkostnader. Dersom samla finansiering frå andre kjelder vert redusert vil det fylkeskommunale tilskotet verta redusert tilsvarande.
- b. Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i prosjektplanen, til dømes vesentlege endringar i kunstnarisk profil/program, budsjett eller finansieringsplan. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.
- c. Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med prosjektgrunnlag og plan for kostnader og finansiering. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falla bort.
- d. Dersom prosjektet inneber framføring eller liknande med sal av billetter, er det ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- e. Tilsegnsmottakar skal informera tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune ved alle presentasjonar, framføringar og liknande.

STATUSRAPPORTERING OG OPPFØLGING I PROSJEKTPERIODEN

Statusrapport skal sendast på [rapporteringsskjema \(word\)](#) underteikna av prosjektansvarleg. Rapporteringsskjema vert sendt fylkeskommunen kvar 6 månad i prosjektperioden.

Møter for oppfølging og evaluering av prosjektet skal gjennomførast ved behov og etter nærare avtale.

RAPPORTERING VED PROSJEKTSLUTT

Sluttrapport skal sendast til fylkeskommunen ved prosjektslutt. Sluttrapporten skal innehalda desse punkta:

- Kort om bakgrunn og målsetting for prosjektet
- Greia ut om gjennomføringa av prosjektet og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Oppsummering av prosjektarbeidet, erfaringar som til dømes sterke/svake sider ved organisasjon/gjennomføring, fylkeskommunal medverknad mv.
- Eventuell vidareføring av prosjektet, overføringsverdi

SLUTTREKNESKAP

Sluttrekneskap signert av prosjektansvarleg, skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt.

Statsautorisert revisor skal attestere sluttrekneskapan for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

KONTROLL

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

PRESENTASJON AV PROSJEKTET

Fylkeskommunen vil leggja ut ein presentasjon av dei einskilde prosjekta på fylkeskommunen sine nettstader, mellom anna for å leggja til rette for kontakt, nettverkbygging og auka overføringsverdien. Tilsegnsmottakar må innan fyrste rapportering (6 månader) gje ei kortfatta presentasjon av prosjektet i tekst og bilete/foto og kontaktinformasjon, samt godta at dette materialet deretter kan nyttast til føremålet.

Tilsegnsmottakar må også gje ei supplerande presentasjon i tekst/foto ved prosjektslutt.

KONTAKT

All rapportering skal sendast på e-post til hfk@hfk.no – merkast med saksnr. 2014/15561.

Dykkar kontaktperson vil vera Marianne Ose Askvik telefon: 55239543 eller e-post marianne.ose.askvik@hfk.no

KLAGE/PARTSINNSYN

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
seksjonsleiar/utviklingsjef

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland, Elisabeth Bjørsvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.